

-Vi bør om nokre år sjå på om vi bør flytta elevane frå Uskedalen til Husnes ungdomsskule. Det er ikkje store skilnaden på avstandene frå dei tre sentra, Rosendal, Uskedalen og Husnes. I dag går skuleturen til Rosendal for ungdomsskuleelevane.

Det er gruppeleiar i Venstre, Gunnar Røssland, som kastar ut denne brannfakkelen. Han drar dette fram i ein samtale med uskedalen.no om Uskedalen skule og eventuelt flytting av elevane frå Bringedalsbygda til barneskulen i Uskedalen.

Tidlegare har det vore spurt om Uskedalen kan få gå på ungdomsskulen på Husnes, og om Bringedalsbygdelevar kan gå i Rosendal når no kringsgrensene vert borte mellom dei tidlegare kricsane.

Røssland meiner at det vil verta plass til uskedalsevar på Husnes når også Halsnøyelevane kjem dit om nokre år. Han meiner i alle fall at kommuneleiinga etter kvart må ta dette med i vurderingane sine.